



# Haugtussa

– eit mesterverk på verseføter

SIGBJØRN REIME, TEKST OG ASLE HAUKLAND, FOTO

I år er det 120 år sidan Haugtussa - forteljing av Arne Garborg kom ut første gongen. Artikkelen handlar om denne 120-åringen, som er eitt av dei verkelege storverka i norsk litteratur. Artikkelforfattaren fortel om bakgrunn og korleis verket blei til, om oppbygging og innhald, om korleis verket kan forståast. Sigbjørn Reime har skriva bøker om Arne Garborg og språkmodernisert fleire av verka hans. Etterordet er forfattaren sine tankar om framtida for Haugtussa og andre klassikarar, om tilrettelegging, synleggjering og bruk.

I *Dagboka* si skriv Garborg i 1907 på sitt typiske vis dette om forfatterskapen sin: «Eg har skrivne *to* bøker, *Fred* og *Haugtussa*. Det eg hadde å gje gav eg der, trur eg.» Og me er jo samde med han i at dei to bøkene ragar høgt blant det han har skrivne, ja, til og med at dei er noko av det absolutt beste me har av litteratur i dette landet. Men bare to er kanskje å underdriva litt, sjølv for ein beskjeden jærbu. *Noko* av det andre han skreiv er ikkje så verst, det heller; og kan truleg trygt telja med i ei livsverkoversikt som elles består av langt over to tusen titlar.

Den første veka i mai 1895 møtte norske lesarar altså for første gong ei ungjente som skulle bli ein av dei mest kjende personane i norsk litteratur til alle tider. Då kom den nye boka til Arne Garborg ut på Aschehoug Forlag i Christiania. Boka heitte *Haugtussa – forteljing*. Garborg var eit namn mange hadde meiningar om, og det var både på godt og vondt. Han hadde i årevis gjennom bøker og avispolemikk lagt seg ut med både den eine og den andre, helst dei store og mektige, og han var god til det. Fleire av bøkene hans var omstridde, ei av dei – *Mannfolk* – hadde truleg kosta han statsrevisorjobben han skulle leva av. Derfor vart nye bøker etterkvart imøtesette med så vel forventning som skepsis, så også denne gongen.

Forma på den nye boka var òg uvanleg, sidan Garborg var mest kjent for romanane sine. Rett nok hadde han skrivne dikt *før*, mellom andre det som eigentleg var gjennombrøtet hans som lyrikar, fedrelandssongen «Gud signe Noregs land», som han hadde publisert i bladet *Fedraheimen* så tidleg som i 1878. Då var

han bare 27 år.

Men dette var altså *ei heil bok* med bare dikt, dikt i mange fasongar, storleikar og på vekslande verseføter. Boka inneheldt ei vakker, men vond kjærleikshistorie; men innhaldet elles var mildt sagt noko meir spesielt: Det var nemleg «ei bok om tussar og huldrer, raggetroll og nasegygrer, daudingar som grafsar etter bein, haugkallar på danselag inni djupaste fjellheimen, talande trerøter, spøkelse og småspurv og kattar og dansande tre! Om øyar som søkk i havet. Om vår og sommar, menneske som blir til dyr i jula, og om hauststormar som uler!», for å sitera Arild Linneberg, mannen som har skrivne ei av dei lengste litterære doktorgradsavhandlingane i norsk historie om nettopp *Haugtussa*. (Han har òg skrivne det ganske så personlege etterordet i mi modernisering av boka.) Det politiske uteblei forresten ikkje i *Haugtussa* heller; der den tidlause ironien over samfunn og menneske var – og er – beisk, bitande, og briljant. Heksesabbatkapittelet «På Skarekula» skulle bli sterkt kritisert, ja enkelte meinte det skjemde ut heile verket, som elles fekk ei temmeleg blanda mottaking. Akkurat det skulle endra seg med tida.

Namnet *Haugtussa* er Garborg sitt eige ord, sett saman av stavingar frå orda haug-folk og tussa-r. I tillegg til tittelen hadde boka ein undertittel: – *forteljing*. Den hadde han òg brukt tre år tidlegare i storverket *Fred*. Diktaren tok vekk undertittelen i seinare utgåver, som det etter kvart skulle bli mange av. Alt same året kom nemleg boka i nytt opplag, og *Haugtussa* er i dag den Garborgboka som har kome i flest opplag, godt

over tjue til nå. Boka vart på vanleg Garborgvis endra og flikka på etter kvart som ho kom ut i nye opplag og dikteren hadde kome på andre tankar.

La oss ta med ei samtidig vurdering av *Haugtussa - forteljing*: «I de siste dager har jeg vært nedsunken i en høyst eiendommelig lyrikk: det er en nettopp utkommet bok på landsmål av Arne Garborg, *Haugtussa*. Det er en helt genial bok, hvor musikken egentlig allerede er komponert. Man behøver kun å skrive den ned.» Orda er Edvard Grieg sine, og me veit alle kva den geniale boka gjorde med *han*.

Eg trur denne «høyst eiendommelige» lyrikken har gjort og gjer mykje med mange andre òg: Det er ikkje mange verk i den norske bokheimen som har vore så slitesterke og mykje brukte til så mangt som *Haugtussa*. Boka har i tillegg greidd det svært få bøker av dette formatet oppnår: Å verta *både* kritikarrost og allemannseige. I slutten av 1890-åra vart ho nemleg kåra til «Århundrets diktverk» av kritikarane. Det var velfortent, for særleg større skrivekunst har me knapt hatt korkje før eller sidan i bokheimen vår.

Diktaren sjølv seier dette om kva dei to jærboekene var for han: «Jamsides *Fred* står *Haugtussa*, som er mitt jærbudikt. Desse to bøkene saman er heimen min og eg, heimen sett med mine augo, og eg sjølv stigande fram gjennom denne skildringa av heimen.» Likevel må me aldri gløyma at same kor mykje dei to verka måtte likna på noko som har med dikteren sin bakgrunn å gjera, så er dei så uendeleg mykje meir, tidlause som dei begge er med sitt eksistensielle og evigaktuelle innhald.

La oss først sjå litt nærare på bakgrunnen for *Haugtussa*, og me begynner igjen med dikteren sine eigne ord: «*Haugtussa* er eit bilete frå det eldre og meir ekte jærskje bondesamfunnet med sitt religiøse liv som eg ville få fram; det som var bygt på restar og brot frå heidendom, katolisisme, og på halvtforstanden Lutherdom; og ein modell hadde eg.»

Han hadde meir enn *ein* modell. Veslemøy, med døypenamnet Gislaug, er *ytre sett* ei samansmelting av fleire ungjenter han møtte under oppveksten. Dei gjorde inntrykk på han på forskjellige vis, avhengig av kor gammal han var då han møtte dei. *Felles* for dei er likevel at dei naturleg nok har vore ganske unge. Diktaren kallar dei alle for «Veslemøy», utanom sjølve verket alltid skrive i hermeteikn.

I *Knudaheibrev* fortel han om to «Veslemøyar»: «Sæl var eg, at eg i dei siste barndomsåra råka "Veslemøy"; ho var frå det som endå var att av det gamle Jæren; og ho fortalde så godt som ein berre fortel, når ein sjølv av hjarta trur på det ein fortel om.» Akkurat denne «Veslemøya» kan godt vera Ingeborg Larsdotter Sæland på Snørestad. Ingeborg var fem år eldre enn Aadne, og eg trur vel at den høgreste og vakre jenta med det mørke håret som brukte å koma til Garborg med bær om haustane har gjort inntrykk på han med meir enn forteljeevna og bæra sine.

Ei anna «Veslemøy» tente på garden på Garborg då han var noko eldre. Dei snakka godt saman, kanskje særleg om det han ikkje hadde lov å høyra noko om, for det er om henne han fortel at ho «førde han inn i huldreheimen.» Det var kanskje ikkje det einaste ho førde han inn i.

Ein modell er meir opplagd enn alle dei andre. Men det var ein *gut* – ein gut som diktaren kjende både ut og inn og som til alt overmål heitte det same som han. Svært mykje av det Aadne Eivindsen Garborg opplevde og las i barndommen ligg på forskjellige vis under i boka han skulle skriva ein god mannsalder seinare. Med sin uvanleg livlege fantasi og velutvikla observasjonsevne såg han nemleg både det eine og det andre som ikkje alle andre greidde å få auga på:

*«Å koma til Snørestad var meg reine Jotunheimsferder. Forviten og utrygg gjekk eg i desse tronge stengdalsmuga mellom dei rare nakne bergknausane som vart større og trollskare di lenger opp me kom, og våga knapt dra pusten. Dei sa nok at her ikkje var troll; men det var det knapt nokon som visste. Underlege fuglar og dyr og ormar og drakar og mangt utrulegt kunne vakna og glo, og stikka fæle skallar og kjeftar fram, og koma flygande og hoppande og krabbande for å ta meg; så her var det nok best å sjå seg føre»*

Og som Veslemøy gjætte Aadne òg i dei fantasiegjande lågheiane. Mellom knausar og bergskrentar fekk ein frodig fantasi venger. For:

*«I grunnen var der liv i alle fjell. Og når eg fór stilt, og ikkje skræmde dei underbuande, så kunne eg driva på med mangt slags tidsfordriv, dei stundene smalen gjekk roleg eller kvilte. Eg drøymde lange eventyr om dvergjar og troll, eller om kjemper og kongar som eg fann liksom avteikna på ein fin bergvegg bortimot Sikvalandskulo; det berget vart "riddarborga". Dei stod tydeleg der, desse herremennene, og ei stolt kvinne med, i store fagre salar bortetter bergsida; og di meir*

*eg såg på dei, di tydelegare vart dei.»*

Den første tida på Snørestad lengta han heim, men etter som sommardagane gjekk slo han seg til ro der. Han vart glad i dei snille folka, og om kveldane las han for «dei gamle», mellom anna frå noko som liknar mykje på ei svartebok:

*«Det var kona i huset eg fyrst vandest med; ho var så grei og snill. Eg las or den grønna bogjo<sup>2</sup> som eg hadde lurt med meg heimanfrå; der var noko om underbuande der, som eg hadde arbeidd meg igjennom så eg skjøna det meste; det las eg opp for henne og greidde ut; då smilte den gamle; "ja sjå der, om det er kje sant!" sa ho. Då vart eg glad og trudde mest på det sjølv.*

Ho var ikkje lite oppi åra; men like frisk og lett for det. Og på sin måte likså ven som dottera. Ho var av desse gode gamle før i verda som vart verande unge mest kor gamle dei vart.»

«Ikkje så lite oppi åra» og «gode gamle» kan nå forresten vera så mangt: Kona på Snørestad, som òg heitte Ingeborg, var i midten av femtiåra på den tida han her fortel om.

Orda til «denne gamle» skulle seinare dukka opp i Veslemøy sin munn; i diktet «Den galne guten», der Jon på Skarebrot «les i boka, svart som bakt i jord, så lett og greitt, han treng mest aldri stikta<sup>3</sup>; der stend om nøkk og troll med reine ord; og då me veit det kan kje vera dikta. Kwart ord ho syp<sup>4</sup>, og lyder trutt og ant<sup>5</sup>, og ler og ropar: "Sjå om d'er kje sant!"»

I tillegg til grønne svartebøker fordjupa gutungen seg både i *Bibelen* og *Snorre* og *Tusen* og *en natt*.



Forbodne eventyr og forteljingar frå meir eller mindre hormonsprengde tenestejenter med livleg fantasi og evner både som forteljarar og vegvisarar inn i ei ukjend og spennande verd brende seg òg fast, og mykje av det skulle tretti år seinare visa att i både *Fred* og *Haugtussa*.

Og nettopp ein mannsalder seinare, hausten 1894, oppheldt den då berømte og berykta dikteren seg på

hytta på Kolbotnen i Østerdalen. Han hadde begynt på ei ny bok, der iallfall bakteppet var klart: Dei steinete og ulendte jærheiane og dei mørke myrane med alle sine lydar og skuggar stod saman med minna om dei mange kjeldene og ytre modellane frå barneåra stadig tydelege for han. Dei skulle gje liv, farge og stemning til den nye boka. Ved sida av skrivinga dreiv han med grøfting. Og mens han sleit med det, kunne ei flyktig

verseline eller eit rim koma svevande forbi på lette sommarfuglvenger – ikkje sjeldan saman med ord og minnebrokkar frå Jæren. Då galdt det å vera rask. Han hoppa or grøfta og skunda seg inn til skrivebordet for å festa tankane på papiret før dei forsvann for han. Og som alltid dreiv han i tillegg òg med avispolemikk.

Lenger utpå hausten kom det eit brev til Kolbotnen frå to venner og åndsbrør; Rasmus Flo og Moltke Moe. I brevet fortalde dei om tidsskriftet *Syn og Segn*, som dei tre skulle dra i gang og vera redaktørar for. Meininga var at første nummer av dette første tidsskriftet på landsmål skulle koma ut i desember, og då ville dei svært gjerne at Garborg skulle bidra med noko nytt og originalt. Ja, Flo gjekk så langt som å seia rett ut at lesarane truleg ville føla seg svikne om det ikkje var noko av Garborg med i førsteutgåva. Og grøftegravaren i Kolbotnmarka sende dei eit dikt han hadde kalla «Dans». Denne teksten er faktisk eitt av utkasta til diktet «Laget» i *Haugtussa*. Garborg fortalde då òg at det vedlagde diktet truleg ville koma med i ei bok han arbeidde med, ei bok han hadde kjempa lenge med å finna ei form på, men som nå «endelig syntes å kunne bli forløst», som han skreiv.

Snart forlét han fjellheimen i Østerdalen for å koma nærare ein annan og meir heimsleg og velkjend fjellheim. Han ville gjera som han hadde gjort då han skreiv *Fred*. Så sjølv om det var midt på vinteren måtte han til Jæren. Det som vert kalla jærverka til Garborg har ikkje bare handlinga si lagd hit, dei er med unntak av *Læraren* òg skrivne her. Han måtte vera midt i det han skulle fortelja om og frå, det vakre og velkjende

jærlandet med himmel og hav, lys og lukt, vêr og vind, liv og lyd, folk og språk. Slik var han ulik førebiletet sitt, Henrik Ibsen, som trengde *avstand* for å få *nærleik*.

På vegen vestover møtte han Moltke Moe i Christiania. Moe spurde om den komande boka, noko den beskjedne diktaren truleg aldri ville ha kome inn på sjølv. Men på oppfordring viste han Moe ein del utkast. Han var på typisk Garborgvis usikker på om det han hadde gjort var godt nok, eller om det heller burde brukast til å fyra med. Men Moe – son til eventyrsamlaren og professor ved universitetet med folkeminne som fagfelt såg temmeleg fort at dette hadde emne til noko stort i seg. «Kjære deg, du tar aldeles feil,» sa han etter å ha sett litt på dei noko uryddige arka. «Nå lar du meg lese for deg, så skal du høre hvordan det låter!» Og Garborg hørde, både på og etter. Å høyra sine eigne tekstar bli framførde av ein annan dempa sjølvkritikken, og han bestemte seg for å fyra med noko anna. Han tok arka med seg for å fullføra det han hadde begynt på i heimtraktene på Jæren.

Sommaren tre år før hadde han skrive *Fred* på Øgård i Klepp. Nå valde han nabokommunen i sør, Nærbø. Det begynte på jernbanestasjonen, men enda etter kvart på eit loftsrom på lensmannsgarden på Torland, eit par kilometer nord for sentrum. Utsikta derifrå var både jærisk, storslegen og tankevekkjande: I aust ruva Garborgåsen med markavegen og Kvernhusmyra, årsaka til den årelange og øydeleggjande rettssaka. På andre sida av åsen låg den problemfylte barndomsheimen med alle dei vonde minna. Dit gjekk han ikkje anna enn i tankane. I søraust trona den låge

og trygge fjellryggen som skil dei to landskapsformene her. Og i vest låg Alvelandet, eventyrlandet i skyene over havet som alltid hadde trollbunde han.

Her, mellom sitt og sine skulle han få skapa i fred. Turen til Jæren gjorde nemleg òg at han kom seg vekk frå alt maset og avispolemikken han stadig var involvert i på Austlandet. Om akkurat det vart særleg fredelegare her vest kan nok diskuteras. Den første månaden han var her skreiv han nemleg meir enn tretti politiske avisartiklar for *Den 17de Mai*. Innimellom gjekk det tid til så vel besøk som sjukdom, for i februar fekk han ei skikkeleg krimkule som tok han kraftig nedåt. Forkjøling og påfølgjande lungebrann skulle faktisk ein mannsalder seinare verta banen hans. Likevel skreiv han nye tolv artiklar; og utover i mars tjuuein til. Men det var altså for å få ro til konsentrera seg om å dikta at han hadde reist hit! Det gjorde han tydelegvis òg - i tillegg til dei talrike avisinnlegga. Ein medfødd motvilje mot sløsing gjorde at han ofte utnytta papiret godt utover tåle- og oversiktsgrensa. Men det viktigaste var vel at han sjølv fann utav og forstod det han hadde skrive. For korrekturlesar og setjar må det imidlertid ha vore ein sann tortur.

Eit lite tidsbilete av arbeidet hans på loftstromet på Torland får me kanskje i det følgjande: Jon Line, eit skrivande menneske frå heimbygda som eg trur laug på seg eit langt nærare forhold til diktaren enn det som sant var, fortel om då han ein februar dag besøkte diktaren på Torland: «Eg pikka på døra. Han sat med arbeidet sitt då eg kom inn. 'Kæ tru for nógé gildt du skrive på nå?' spurde eg. '- Å, det verte ikkje så møje

tids<sup>6</sup>. Og det går helst både seint og skeivt, som å slå sullekopp<sup>7</sup> på ågerreino<sup>8</sup>, ' svara han.» Line spurde forsiktig om han kunne få sjå? Det var eit folioark med tett skrift og mange rettingar, og ein tekst som byrja slik: "Å stakkar kor du kulsar, du snille sauén min, i dette ruskeregnet og denne våte vind."<sup>9</sup> «Eg fór over det med augo, las eitt vers, og to. Då kjende eg versemålet og tonen med, og sette i å syngja så det ljoma i huset.» Garborg sat og hørde på med eit lite smil om munnen. "Du kan den tonen, du au!" sa han. "Det var ein gammal visetone som dei song på Jæren då eg var smågut. Hellest<sup>10</sup> er det fleire dikt i Haugtussa som kan syngjast på kjende visetonar,» skriv Line. Aadne ans Eivind var musikalsk, og hadde alt som gutunge lært seg å spela både salmodikon, orgel og fele saman med naboguten Andreas, og han komponerte. Og Jon Line avsluttar - for ein gongs skuld truverdig: «Men eg er altså den første som har songe "Haugtussasongar". Og det kan eg meste gjera meg te av.» Diktet Line song heiter «D'er kje greitt» og finst i kapittelet «I gjætlebakken». Eit stykke uti april var diktaren på det næraste ferdig. Han tok med seg arka sine og drog tilbake til Austlandet. Nokre veker seinare kom *Haugtussa – forteljing* ut.

Forteljinga om Veslemøy består opphavleg av ei samling på over 90 dikt av varierende storleik og form, der innhaldet altså har bakgrunnen sin i det eldre og meir ekte jærské bondesamfunnet med sitt religiøse liv som var bygt på restar av både det eine og det andre som me hørde. Både heidenskap, overtru og eventyr med dei magiske tala 3 og 12 og krevjande prøvingar





vert fort synlege. Det same gjer den kristne grunnfestinga, denne gongen basert på ei sunn og trygg og oppbyggeleg gudstru, og ikkje den sjuklege, destruktive og feilslegne villfaringa han hadde skildra i *Fred* tre år før.

Verket opnar imidlertid jordnært nok med ei hylling til Jæren på elleve vers – i tre deler: «Til deg, du hei og bleike myr med bukkeblad. Der hegre stig og heilo flyr, eg gjev mitt kvad». Kvadet er historia om landet, om naturen, fuglar og dyr, om nedbrytande og oppbyg-

gelege krefter, om overtru og tru, og om menneska i alt dette; mellom dei òg far hans: «Eg kjenner deg, eg kjenner deg, som ikkje vann. Eg såg din strid, eg veit din veg, i skuggeland». Opningskvadet er eigentleg eit samandrag av heile verket, både kva det skal handla om, og korleis me kan lesa og forstå det. Det presenterer i tillegg det sentrale motivet: Gjennom fleire rundar viser det oss ein livssyklus om mennesket sin kamp for tilveret, der byggjande og nedbrytande krefter – i verket «troll» og «ånd» står mot kvarandre i

ein stigande kurve som i ein spiral. Denne konstante kampen mellom det vonde og det gode finn me òg i Garborg sitt livssyn. Eit sterkt sidemotiv er det som gjennom åra kanskje har gripe flest lesarar: Sviket – dette tidlaust vonde som finst alt i Mosebøkene, og som me alle og i alle aldrar kan identifisera oss med.

*Haugtussa* er delt i tolv kapittel, alle med overskrifter. I tillegg har kvart enkeltdikt ein eigen tittel. Innhaldet i tekstane er, som diktaren har antyda, ei usalig blanding av alt frå vakre og vare naturskildringar, gjenkjenneleg realisme og fri fantasi, folklore med gåter, rim og regler, versføter som blant mykje anna leiar tankane til norrøn dikting, Bibel, tru og overtru, eventyr og magi, draumar og tankespinn, men òg alvorlege feberfantasiar og maredraumar; avsindige og til dels psykotiske vrangførestillingar. Persongalleriet er både av denne verda og av ei verd mange av oss tenkjer me er mindre bevandra i, men der me nok om me vil vera heilt ærlege må vedgå at me kjenner igjen forbausande mange av aktørane, og *i allfall* det dei driv på med. Hovudpersonen oppheld seg ut frå skiftande føresetnader i begge verdenar. Og me fylgjer heilt uanstrengt med henne - også inn i det ukjende. Er det fordi det kanskje ikkje er så ukjent likevel?

Handlinga i *Haugtussa* går gjennom tre årstidssykluser, og fell samstundes saman med den psykiske utviklinga til hovudpersonen. Årstidene avspeglar dei positive og dei negative kreftene - både i naturen og i sjelelivet hennar. Med våren kjem lys, liv og livsmot, og det spirer og gror gjennom lange, lyse dagar:

«Det brydder<sup>11</sup> strå, det sveller knopp,  
og sevja stig i treet opp;  
ein dåm det vaknar søt og tung ...  
Å sæle meg som er så ung!»  
utbryt ho i våryr glede.

Men den lette sommaren med dei korte nettene går fort, og snart er bare minna om han att: «På vollen blømde blommar små, så sælt mot sola nøydde; no er der ingen meir å sjå. Dei folna bort og døydde.» Ei mørkare og dystrare årstid er på veg når: «... havet rullar svært mot land, og regnet driv mot rute; det syng og susar om øydestrand, at no er allting ute.» Veslemøy vert etterkvart meir kjend med både lyset og mørkret – også i seg sjølv. Tre gonger er ho i «ei anna verd», og kvar gong på eit nytt og høgare nivå.

Handlinga følgjer òg tre stadiar i kjenlelivet hennar: I den første delen vert ho klar over den fysiske kjærleiken - på avstand og med undring. I den andre delen opplever ho kjærleiken sjølv – fysisk og nært. I den tredje delen får ho føla kva kjærleiken kan føra til.

Veslemøy bur med mor si i enkle kår. «Naud og nedgangstider» har gjort enkelte rikare, og sendt andre ut i økonomiske og sosiale uføre. Veslemøy og mora er dei einaste som er att av ein familie som ein gong talde seks. Familiestøttene og ei søster er borte, anten farne frå landet eller or tida. Ei eldre søster lever rett nok ennå, heilt nedst på samfunnsstigen, som prostituert i byen. Dei to som er igjen heime har kvarandre og felles trøyst i ei trygg tru, men det er òg omtrent alt dei har.

Veslemøy er ei spesiell og litt einsam jente. Alderen – ho er truleg ein stad mellom fjorten og femten år då forteljinga om henne begynner – er ikkje tilfeldig vald: Ho står på dørstokken til den vaksne verda, men er framleis bare eit barn. Det er ein kjenslevar og vanskeleg alder, der ein er for barnsleg til å vera vaksen, og for vaksen til å vera barn; og ein alder der mangt og mykje fort kan koma litt ut av likevekt.

Under overskrifta «Heime» begynner så forteljinga fredeleg og lunt med diktet «Veslemøy ved rokken»: «D' er haust. Det ruskar ute med regn og kalde vind. Småfuglen flyg mot rute og ville gjerne inn. Men under omnen god, der ligg på sekkjepute han gamle Mons i ro.» Likevel anar me *kanskje* noko litt uroande i den tilsynelatande trygge atmosfæren. Er alt det det gir seg ut for? Kven er eigentleg denne Monsen, som ligg og tenkjer på den gongen han var prins? Og kven er det som tustlar i krokane? Nifse soger om meir eller mindre synlege vesen vert fortalde mellom grove stein- og trevegger. Nattestid hender det òg uhyggelege og uforklarlege ting i det kalde og likbleike månelysset:

«Veslemøy søv i sin omnskråbenk.  
Lint henne vekkjer ein måneblenk.  
Dvaledøyvd<sup>12</sup>, maktlaus, or svevnen rådd<sup>13</sup>,  
skuggar ho skimtar i måneskodd.  
Lett under glas trippar bukketråv.  
Vinden susar med sukk om nõv<sup>14</sup>.»

Ei kjensle av uhygge snik seg nærast umerkeleg inn under huden vår.

To hendingar vert avgjerande for livet til Veslemøy. Den første er då ho oppdagar at ho «kan sjå inn i ei anna verd». Ho ser ikkje inn i *framtida*, ho ser i *samtid* det andre ikkje ser. Det skræmer, merker og isolerer henne frå omverda; kanskje ikkje heilt utan grunn. Stans eit øyeblikk og tenk på kva du *sjølv* meiner om at nokon er synsk: *Trur* du på det, eller tenker du for å sikra deg at vedkomande mest sannsynleg ikkje er riktig vel bevart? Belastinga var ikkje mindre i tronge bygdesamfunn før i tida: «Tidt mullande gjekk ho med mørke ord, og skræmde stundom si eiga mor; dei sa ho vanta på vitet.» Mora si fortvilning over dottera si evne fører til sterke ord: «Gud trøyste deg då, du Veslemøy; det vøre deg betre du måtte døy, så fingje du fred i jorda!» Men det ønsket får ikkje mora oppfylt, for Veslemøy vil «heller med augo sjå, enn dauv og blind gjennom verda gå, og ikkje det sanne skilja!» Det skal visa seg å vera eit krevjande, men klokt val av henne. I ein draum opplever ho eit uventa møte: «Veslemøy ligg og drøymer i morgonstunda grå, og ser si sæle syster for sengebenken stå.» Den alt for tidleg døde og uskuldsreine søstera vert som ei leiestjerne på den vanskelege vegen Veslemøy har framfor seg.

Om somrane gjæter Veslemøy åleine i dei aude og ulendte heiane. I einsemda søkjer ho selskap der dette er å finna, mellom dei umælande dyra og i si eiga tankeverd: «... der ho ser og drøymer; ser det livna under leitet<sup>15</sup>, ser det vakna mellom steinar.» I stille kveldstunder vert ho igjen vår eit uforklarleg nærver. For «... i haug og på voll,» ser ho «både nisse og nøkk, både draug og troll, og gasten med håra lange.» Byg-



defolket gir den merkelege jentungen eit kallenamn: «I lyngmarka nord, mellom haugar tri, der gjekk ho gjætte si meste tid, og Haugtussa vart ho heitand'.» Utpå hausten vert Veslemøy sjuk og sengeliggjande. I alvorlege feberfantasier møter ho både gjennomsiktinge måneskinsmøyar som kallar på henne og fælslege daudingar som vil ta henne. Tilstanden vert så alvorleg at mora fryktar for livet hennar. Saman med presten

ber ho Vårherre om hjelp – og vert bønhyrd. Veslemøy kjem seg att. Ho har kome gjennom sin første strid.

Den andre lagnadstunge hendinga kjem den komande sommaren, då Veslemøy opplever kjærleiken for første gong. Ho er både moden *nok* og *for* umoden for det. Av alle ser odelsguten Jon frå storgarden Skarebrot ut til å vera den einaste som forstår og respekterer den spesielle husmannsjenta med den

uavanlege evna; for «han hev kje denne halve, kalde flir som desse tunge gutar nedi bygda.» Samveret og samtalane med Jon i fjellheimen vert noko Veslemøy aldri har opplevd før: nærleik til ein jamaldring; til og med ein av det motsette kjønn. I barnsleg tillit opnar ho sitt inste for han, og finn for første gong ein sjeleven i «den galne guten». Han lyttar og forstår henne! Og ho *han*: «Kvart ord han seier kan så trygt ho lita på; og alt ho spør om; alle ting ho vita må.» Snart er ho «fanga i snøra», og det uunngåelege skjer. Han dårar henne, og «I barm det gjeng; ho fær kje augo frå han.» Det går som det må, og så vakkert kan *det* skildrast: «Og som det lir til svale kveldings stund, alt meir og meir i lengt dei saman søkjer; og brått om hals den unge arm seg krøkjer, og øre skjelv dei saman munn mot munn. Alt svimrar bort. Og der i kvelden varm, i heite sæle søv ho i hans arm.» Jon fer attende til bygda, mens Veslemøy knapt kan venta til dei skal møtast igjen: «Å berre timane ville skrida, og berre dagane ville lida!»

Timane skrir og dagane lir. Ventinga er ei pine, men endeleg er sundagen der igjen. Veslemøy ser og søker, søker og ser, men dagen går og ingen Jon kjem. For han var fjelleventyret frå helga før bare ei ny erobring i ei rekke, der han igjen fekk det han var ute etter. Barnsleg truskuld har fått lida for ungdommeleg tankeløyse. Veslemøy sit forsmådd igjen i sorg, og den vonde sanninga om sviket går opp for henne i all si gru «då ho fær høyra meir enn sjølv ho ville; ho høyra må at denne guten staut, som så ho trudde, lett sin lovnad braut, og floksa fritt med alle jenter gilde.» Ho er blitt offer for det mest nedverdiggande av alt, å bli lurt og svi-

ken av ein ho hadde uavgrensa *tillit til* og *trudde på*. Det skal verta ei dyrekjøpt erfaring for henne. Nå vil aldri nokon annan kunna bli den første og einaste for henne. Sorga stel heile livsgnisten, og ho vil ikkje leva lenger: «Som fuglen, såra under varme veng, så blodet tippar lik den heite tåre, ho dreg seg sjuk og skjelvande i seng, og vrir seg natta lang i gråten såre. Det slit i hjarta og det brenn på kinn. No må ho døy; ho mista guten sin.»

Utover hausten gjer sorga henne psykosomatisk sjuk, og Veslemøy vert sengeliggjande. I djup feberør-ske mistar ho taket i den ytre verkelegheita og glir inn i eit psykotisk mørke av hallusinasjonar. Der møter ho dei underbuande i alle sine mangfaldige og merkverdige skapnader. Ho får òg sjå hemmelege krefter, farlege drifter og villskap, handlingar og hensikter så uedle og ufine at dei totalt blender henne. Det er ei verd der bedrag og egoisme, sjølvnyting og svik, utnytting og vondskap er mål i seg sjølv, ei utspekulert verd fullstendig fri for hemningar. Men det er samstundes, til tross for dei noko framandslege aktørane, ei skræmmande gjenkjenneleg verd med stor og djup innsikt *i* og kunnskap *om* menneskesinnet, og kva for verkemiddel som fungerer best kor og når. I dette vrengebiletet verkar freistingane så forførande og løysingane så lette at Veslemøy vaklar: Tenk om noko verkeleg kunne ta den vonde verken? Og tenk om ho endå ein gong kunne eiga Jon - om så bare for ei nøtt? Kunne ho då ha blitt glad igjen? Kva ville ho vera villig til å ofra for det? Sjølvrespekten? Sjela? Kanskje til og med livet? Men Veslemøy gjennomskodar prisen bak tilboda og betakkar seg med korsteiknet: Ho greier igjen å «skilja det sanne» og bevarer med det

integriteten sin. Liggjande har ho kome seg oppreist gjennom den andre store prøvinga.

Men sorga over sviket og tapet av Jon *går ikkje over*. Dei styrer stadig tankane hennar og held verken for brystet ved like: «No er her sturt<sup>16</sup>, no er her kaldt, og stad og stund meg møder; mi svikne von tok frå meg alt, og hjarta svir og bløder.» Likevel kjem ho seg på føtene igjen. Men så får ho eit nytt slag: Då det storslegne rikmannsbrurefølgjet til Jon fer forbi den fattigslege stova gjer det så vondt at

«Åt senga att ho vender;  
ho vart så arm og veik.  
Og heite tårene brenner,  
ned over kinna bleik.

Ho vrir seg netter og dagar,  
og inkje kvild kan få;  
så sårt ho kvider og klagar,  
at lenger ho leva må.»

Feberen fører henne på ny inn i ørska. Der møter ho den tredje og siste prøvinga i den store striden.

Denne gongen står ho utanfor ein kongsgard. Og der får ho litt av eit tilbod:

«Fram dansar dei møyar i ljose rad:  
"Her kan du alltid få vera glad.

Der ser du kongen; vil her du vera,  
skal dronningkrone og krans du bera."

Veslemøy ser den haugkallen blå,  
konge staut i svalgangen stå.

Herleg er kongen, fager og gild;  
- all denne stordom ho eiga vil.

Aldri var ho så ør og glad;  
då møyane spurde, så svara ho ja.

Det er dei møyar i kvite lin;  
dei flir<sup>17</sup> henne staupet, breiddfullt med vin.

"Drikk, så opnar seg kongens borg!  
Drikk, så gløymer du all di sorg.

Drikk av staupet, og drikk det ut!  
Då gløymest den hardaste hjartesut.

Tenk deg kje om, men gjer som me song!  
No bydst deg dette for siste gong."»

Men også denne tredje gongen greier Veslemøy å stå imot det uimotståelege. Ho *må* det, for ho korkje kan eller vil mista *trua på livet*, og at det faktisk *kan* vera verdt å *leva*, trass i det vonde. Ho riv seg endå ein gong ut av avmakt og feberfantasier med det ho veit kan redda henne: Jesu namn. Då vert det vonde bandet brote, og ho vaknar som av ein dvale. Feberen har slept taket. Ho ser systema, som står «fager og ljøs og alvorsblid» ved senga. Systema stadfestar den gode budskapen:

«Stå opp, stå opp, du syster kjær!  
No er du løyst til betre ferd.

Frå alle troll du laus deg vann.  
Og i di sorg deg sjølv du fann.

Kom, følg oss på din nye veg,  
som opp or mørkheim fører deg,  
til ljøs og klåre dagar!»

Veslemøy har med stor integritet og si trygge forankring stått urokkeleg mot freistingane og tilboda om å vinna lettvent lukke. Ho har dermed vunne kampen mellom sjela og verda, mellom fridom og trældom, mellom kjærleik og egoisme, mellom det gode og det vonde. Ho har «sett med augo» og greidd å «skilja det sanne», og kan klokare og med ryggen rak møta verda på ny. Ho har valt ein veg vidare der det kan visa seg at til og med det vonde kan ha ei mening.

Som det står i opningsdiktet: «Og om me kjenner gråt og gru og saknad sår, så må me lerkesongen tru, som lovar vår.» Ute er det vår, årstida då «atter som eit under, nytt liv av daude gror»<sup>18</sup>. Kanskje ber lerkesongen denne våren løfte i seg om eit under og eit «nytt liv» for Veslemøy òg?

Men kva er det *eigentleg* diktaren vil seia oss med denne mildt sagt fantastiske forteljinga frå verd og underverd? Er det bare ei vakker kjærleikshistorie som endar galt, og som fører til sjukdom, med påfølgjande utrullege og uverkelege møte og opplevingar i ei fullstendig vanvitig og til dels psykotisk og kolmørk

fantasiverd, som kan vera underhaldande nok i all sin geniale forteljekunst og galskap, men som ikkje er særleg meir enn det?

Truleg ikkje. Veslemøy sine opplevingar, reelle eller irrasjonelle og i kva verd det måtte vera, handlar eigentleg om noko svært nært; nemleg om oss *sjølve*. Mon om det ikkje er derfor at så mykje i dette merkelege universet verkar så kjent? For «den andre verda» Veslemøy ser inn i og til tider er i er eigentleg ikkje anna enn vårt eige menneskelege spegelbilette. Trolle ho møter i alle slags former og fasongar viser oss korleis me kan framstå i våre mangfaldige og ofte lite flatterande forklendingar og rollar. Så når me får *sjå* og *vita* kva og kven trolle er, får me samstundes vita kven *me* sjølv er. Det vert dermed noko tidlaust over det Veslemøy opplever, i kva tid eller verd det enn måtta finna stad.

Det som gjer *Veslemøy* annleis er hennar evne til å sjå sanninga, og ta lærdom av og avstand frå det negative ho opplever. Kampen, klokskapen og tryggleiken hennar vert eit føredøme for oss alle; for utfordringane ho kjempar mot kunne like gjerne vore våre. Men Veslemøy vil ikkje vera ein av dei som vel lettvinde løysingar eller minste motstands veg. Ho vil heller ikkje vera ein som diltar tanketomt og ukritisk med, utan motførestellingar eller motsegner, eller ein av dei som ikkje stiller spørsmål, som alltid må tilhøyra fleirtalet og gå i takt med det. Ho vil heller ikkje vera ein av dei som for ein kvar pris må vera inne med «dei rette», ein av dei som let seg lura og sel sjela si for kva inkjevetta som helst, eller ein av dei som fylgjer bjøl-



lesauen blindt om det så ber like utfor stupet og rett i fortapinga, materielt så vel som åndeleg.

For Veslemøy er livet med sin ukrenkelege integritet for dyrebart til å bli misbrukt på fånyttige og kort-siktige løysingar og val. «Troll» er jo så mangt, og me møter dei nær sagt dagleg med sine mangslungne tilbod, men det er stort sett «same shit, new wrapping». Det meste av det er noko me har sett eller høyrte mange

gonger før. Og likevel bit me på. Enkelte av oss lærer kanskje av feila sine, andre ikkje. Andre sine feil lærer dei færraste av oss noko av. Denne runddansen er like tidlaus som han er enkel: Verda vil bedragast, og den menneskelege dårskapen og kynismen er utan ende. Derfor kan dei som går «*blinde og dauve*» bli lette bytte for alle slags troll – til alle tider. Med *åra* burde me truleg blitt litt meir vaksame. At me ikkje i større grad





er det, er eigentleg tankevekkjande, *sidan* det kan vera eit resultat av mangel på gode og trygge knaggar og retning i liva våre. Me treng normer, og me treng sunne og gode *felles* haldningar for å fungera godt og trygt saman. Når normer vert relative eller individuelle kan mange fort mista både fotfeste og retningsans.

Forteljinga om Veslemøy er ikkje bare natur- og

folkelivsbilete: Ho er eit *symbol*, eit teikn på den *ån- delege* og *moralske krafta* som Garborg trudde på; *draginga* mot det *gode og sanne*, og at «ånd må vinna på troll til sist, og vit på den varge villskap»<sup>19</sup>. Vestlemøy har religionen i seg som eit naturleg instinkt, som sjela si eiga sjølvopphaldsdrift. Kampen hennar mot det vonde, mot mørket, mot trolle og den overveldande

naturmakta er kanskje verkeleg nok i verket, men det heile er samtidig eit tidlaust bilete, òg eit bilete på dik- taren sin eigen kamp med byggjande og nedbrytande krefter; «troll og ånd». Det er vår kamp òg, anten me er klare over det eller ei.

Det jordnære som er vist gjennom kjærleikssviket og sorga over *det* som Veslemøy slit seg gjennom og som held på å knekka henne, kan dessverre vera like aktuelt i dag, og viser m. a. alt for ofte igjen på den høge sjølvdrapsstatikken vår. Derfor og dermed burde fortel- jinga om Veslemøy si reise gjennom kjærleik og sorg, sunnheit og sjukdom, draumar og syner, verkelegheit og fantasi i ei verd blant menneske og ei underverd blant tussar og troll til alle tider ha noko viktig å minna oss på: Me må vita å velja vegane våre, for det er ikkje alle som kan betala når prisen på erfaringane vert for høg.

Me høyrde tidlegare om kor begeistra Edvard Grieg var for teksten i *Haugtussa*. I eit brev til Grieg, datert 7. november 1899, er det Garborg sin tur: Etter å ha høyrte Eva Nansen<sup>20</sup> og Agathe Backer Grøndahl<sup>21</sup> framføra songsyklusen skriv han i det som for han er uvanleg oppstemte ordelag: «Nu har jeg endelig fått høre Haugtussasangene ordentlig, og jeg er blitt så glad i dem, mer enn jeg kan si. Det er nettopp dette dype, bløte, dempede, denne underjordiske musikken, som jeg på min vis søkte å få inn i ord og vers, men som De har fanget. Og så plutselig igjen tindrende, strålende sol og sommerfryd, som i den velsignede killingdan- sen. Men noe av det meste betagende er bekken. Ja, jeg er så glad og kry, rent utillatelig kry, fordi De kunne bruke disse versene. Takk!»

Men det er *me* som skal takka. Takka dikteren som gav oss noko av det absolutt vakraste av *ordkunst* – og livsvisdom me har i den norske bokheimen. Det viser ikkje minst igjen i alt det dette storverket gjennom åra har inspirert til og blitt brukt til gjennom andre kunstuttrykk, og det at teksten stadig er i bruk av så mange. Så les og forstå du òg – på *din* måte - og bli klokare! For den som les mykje, veit meir.

## NOTAR

- <sup>1</sup> Hovudforedrag på Garborgdagar 2015; 24.01. i Time bibliotek/ Garborgsenteret
- <sup>2</sup> jærsk for boka
- <sup>3</sup> stikta – nøla - eig. vandra haltande
- <sup>4</sup> supa – eig. drikka, her: suga til seg
- <sup>5</sup> ant – ivrig, merksam
- <sup>6</sup> møje tids – jærsk for rare greiene
- <sup>7</sup> sullekopp eller sulletopp - jærsk for snurrebass
- <sup>8</sup> åkerrein - grasgrodd strimmel eller grasbakke i (nedre) kanten av åker eller mellom åkrane
- <sup>9</sup> frå diktet "D'er kje greitt" (side 41)
- <sup>10</sup> hellest - jærsk for elles
- <sup>11</sup> brydda - spira
- <sup>12</sup> dvaldøyvvd – sløva, i døs
- <sup>13</sup> rå - dra, riva
- <sup>14</sup> nõv - hushjørne
- <sup>15</sup> livna under leitet - bli levande under bakkane
- <sup>16</sup> stur - nedslåande, trist
- <sup>17</sup> fli – jærsk for gje, senda
- <sup>18</sup> Frå «No livnar det i lundar» av Elias Blix (1875)
- <sup>19</sup> Frå «Strid for fred»
- <sup>20</sup> Eva (Helene) Nansen (f. Sars) (1858-1907) - mezzosopran (g. m. F. Nansen 1889). Debuterte i 1881. Populær romanse-songar i heile Norden.
- <sup>21</sup> Agathe (Ursula) Backer Grøndahl (1847-1907) - norsk pianist og komponist.